

## Lurer du på noko kan vi kontaktast på telefon:

Avdelinga: 70 10 59 50  
Koordinering av time: 70 10 59 54  
Avdelingssjukepleiar: 70 10 59 57

### Pasientinformasjon

# NEAS - destruksjon av livmorslimhinne ved Novasure metoden

# NEAS

## Informasjon til deg som skal til novasure livmorslimhinnedestruksjon

### Behandlinga

Behandling med Novasure brukes ved svært kraftige menstruasjonsblødninger der ikkje-operative behandlingsformar (medikament, hormonspiral etc.) ikkje gjev god nok effekt. Inngrepet vert gjennomført ved at livmorhalskanalen vert blokkert opp til 8 mm, og utstyret som skal behandle livmorslimhinna føres inn i livmora. Livmorhula si lengd er bestemt på forhånd ved sondering. Det brukast bipolar diatermi, dvs.strøm som ikkje går gjennom kroppen, berre lokalt i livmorhola. Etter 1-2 min er diatermibehandlinga ferdig og utstyret vert fjerna.

Behandlinga kan medføre sterilitet og eit framtidig barneynskje er difor ikkje samanfallande med denne behandlinga. Andre sjukdomar, som muskelknutar, celleforandringar og forstørra livmor må utelukkast ved ei vanlig gynekologisk undersøking, på førehand.

Dersom du brukar blodtynnande medikament, som f.eks. Albyl-E eller Marevan, må desse stoppast ei veke før inngrepet. Du må då ta kontakt med fastlegen din for å høyre om dette er greit, eller om du må ha eit anna medikament istaden.

### Behandlingsdagen

Du får vanlegvis intravenøs antibiotika behandling ein time før inngrepet. Det vert lagt inn ei kanyle i handa, der det vert administrert medisin og evt. væske under operasjonen. Du får også 1-2 tablettar a 5 mg Vival/Stesolid som avslappande, 1-2 g paracetamol og 100 mg Voltaren cirka ein time før inngrepet som smertestillande. På operasjonsstova set operatøren lokalbedøving i livmorhalsen (bivirkning: hjertebank helt med det samme) før behandlinga startar. Under behandlinga merkar ein vanlegvis menstruasjonsliknande murring i underlivet. Du vil få tillegg av smertestillande og avslappande medikament intravenøst dersom du skulle trenge det. Du er vaken under heile behandlinga. Berre unntaksvis vert det gitt narkose eller ryggbedøving (spinalbedøving) i staden for lokalbedøving.

### Etter behandlinga

Dei fleste opplev menstruasjonsliknande smerter i underlivet dei nærmaste timane etter behandlinga. Enkelte får også livmorkramper. Dette får du i tilfelle ekstra smertestillande for. Dei fleste kan reise heim same ettermiddag eller kveld, men får tilbod om å bli natta over ved behov. Du får med 2-3 smertestillande tablettar (Paralgin Forte el.) ved heimreise.

Du må ikkje kjøre bil sjølv dei fyrste 12 timane etter inngrepet (pga medisinar).

### Etter heimreise

Du får vanlegvis sjukemelding i 2-4 dagar. Dei aller fleste kan oppta normal aktivitet 1-4 dagar etter behandlinga. Du kan forvente noko blødning dei fyrste dagane og ofte rikelig utflod med noko lukt seinare, opp til 4-6 veker. Bruk bind og ikkje tampong. Du bør ikkje ha samleie eller bade (kun dusje) dei fyrste vekene medan du har kraftig utflod.

Kontakt din eigen lege ved feber over 38 grader samstundes med kraftige smerter i underlivet og illeluktande utflod (rikelig utflod alene er normalt).